

NR. 1.

JANUAR 1982

15. ÅRG.

**GODT NYTT**  
★ ÅR! ★

**JESUS  
ER DEN SAME**

Vi har nettopp begynt eit nytt år. Ved eit årsskifte er det naturleg å la tankane gå tilbake til det som har skjedd siste året. Og vi tenkjer framover; Kva vil det nye året bringa med seg? Slike tankar fyller oss med forskjellige kjensler og sinnsstemningar, frå glede og takksemd til sorg, uro og uvisse. I alle fall merkar vi at vi lever i ei tid og i ei verd der det stadig skjer forandringar, store og små. Forholda rundt oss forandrar seg, og vi sjølve forandrar oss.

Men Bibelen seier at midt i alle omskifte finst det eit fast haldepunkt i tilveret. Dette faste haldepunktet er ein levande person: JESUS KRISTUS. Om han står det i Hebr. 13.8: «Jesus er i går og i dag den same, ja til evig tid». Jesus er det som namnet hans tyder: Frelsar, bergingsmann. Han frelste framh. s. 6

**BISPEVISITAS I ARNA**  
21.-24. januar



Biskop Thor With kjem til Arna på visitas i tida 21.-24. januar. Sist det var visitas var i april 1963. Det har såleis ikkje vore bispevisitas i Arna etter at Arna vart eige prestegjeld.

Når biskopen kjem på visitas, ynskjer han å møte så mange som mogeleg i kyrkjelydane. Han skal ha møte med sokneråda og dei som er tilsette i kyrkjelydane og han ynskjer og å møte dei som arbeider i frivillige lag og organisasjonar. Like eins er det naturleg å

framh. s. 2

**EVANGELISK AKSJON YTRE ARNA 2.-7. FEBRUAR. Sjå s. 3.**

frå side 1

ha kontakt med skulen. Det vert difor lagt opp til møte med lærarane den første kvelden og fredag og lørdag er det skulegudstenester. Biskopen ynskjer og spesielt å møte dei eldre og første post på programmet er vitjing på Arna Helseheim med vigsle av kapellet der.

Lørdag ettermiddag vert det eldretreff i kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Visitasen vert avslutta med visitasgudsteneste i Arna kyrkje søndag 24. januar. Etter gudstenesta vert det visitasmøte der biskopen går gjennom den framagde visitasmeldinga. Etter visitasmøtet vert det samvær med servering i Arna bedehus.

Samværet er ope for alle som ynskjer å vere med, så langt plassen rekk. I tillegg til biskopen vert og domprost Nils Monstad med ved heile visitasen.

Vi ser fram til dette møtet med biskopen vår med glede og forventning og vi ynskjer biskop og domprost velkomne til Arna prestegjeld. La oss be om at det blir gode og rike dagar både for dei som kjem her og for oss som bor her.

Øyvind Øy

## VISITASPROGRAM

**Torsdag 21. januar:**

*Kl. 15.30:*

Gudsteneste på Arna Helseheim ved biskop Thor With og domprost Nils Monstad. Kapellvigsle.

*Kl. 19.00:*

Møte med lærarar i Arna på Ådnemarka skule. Kateket Harald Haugsvær: «Kristendoms lærar i dagens skule». Panelsamtale. Servering.

**Fredag 22. januar:**

*Kl. 09.00:*

Arna kyrkje, skulegudsteneste ved sokneprest Øy og res.kap.

Sundsbo.

*Kl. 11.00:*

Ytre Arna kyrkje, skulegudsteneste ved res.kap. Sundsbo og sokneprest Øy.

*Kl. 13.00:*

Vitjing på Janusfabrikken.

*Kl. 15.30:*

Middag.

*Kl. 17.30:*

Kontorvisitas, Arna kyrkjekontor.

*Kl. 19.30:*

Leiarsamling i Arna bedehus.

Sokneprest Øyvind Øy: «Når vi ut med evangeliet i vår kyrkjelyd?»

Panelsamtale. Servering.

**Lørdag 23. januar:**

*Kl. 08.00:*

Kontorvisitas, Ytre Arna.

*Kl. 09.00:*

Felles soknerådsmøte i Kyrkjelydshuset, Ytre Arna.

*Kl. 12.00:*

Trengereid kapell, familiegudsteneste ved sokneprest Øy og kateket Sandvik.

*Kl. 13.30:*

Takvam kapell, gudstjeneste. Orientering.

*Kl. 15.00:*

Middag.

*Kl. 17.00:*

Eldretreff i Kyrkjelydshuset, Ytre Arna.

*Kl. 19.30:*

Stor ungdomskveld i Arna bedehus.

Tale av Kolbein Kolnes. Arna Ten Sing. Betania Ungdomskor.

Servering.

**Søndag 24. januar:**

*Kl. 11.00:*

Arna kyrkje, visitasgudsteneste ved biskop Thor With. Arna kyrkjekor og Ytre Arna barnekor. Offer til Bjørgvin Stiftssenter.

Visitasmøte.

Festsamvær i Arna bedehus etter gudstenesta.

Servering.

## EVANGELISK AKSJON I YTRE ARNA



Songevangelistane Johannes Blom og Magnus Solbakk vert talarar ved den evangeliske aksjonen i Ytre Arna kyrkje 2.-7. februar. Det vert møte kvar kveld kl. 19.45, og det er soknerådet og dei kristelege organisasjonane som har teke initiativet til aksjonen.

Møtetida er sett slik at det kan høva med buss frå Haugland, og er det nokon som treng skyss, kan ein ringja 24 22 87, Fylkesnes, eller prestekontoret 24 13 25.

I samband med aksjonen vil ein gå rundt med ei innbyding til alle husstandane i Ytre Arna, og vi vinnar mange vil slutta opp om møta.

## PENSJONISTAR

Eldretreff i Kyrkjelydshuset. Ytre Arna laurdag 23.1. kl. 17.00. Biskop With og domprost Monstad vert med. Alle eldre er velkomne. Treng du skyss så ring 24 13 25.

## ÅRSFEST ARNA KYRKJELYD

Årsfesten for Arna kyrkjelyd vert sundag 7. febr. kl. 18.00. Tale v/døveprest Asgeir Straume. Vært Program. Bevertning.

## BASAR PÅ LEIKEPLASSEN

Renate 6 1/2, Therese 6 1/2 og Dorthe 7 1/2 år hadde basar på leikeplassen i Ådnemarka før jul. Julaftan kom dei og leverte det dei fekk inn i kyrkja. Pengane skulle vera til born i fattige land, og det høvde bra, for offeret julaftan gjekk til dei som ikkje har nok mat i Polen.

## INNSAMLING TIL PIANO, YTRE ARNA

Det er no kome inn desse gåvene: Haugland Songlag 2.500,-, Bydelsutvalet 1.500,-, J.H. 100,-, Kollekt 14/11 1.400,-, N.N. 1.000,-, M. 100,-, A.N. 200,-, N.N. 100,-, tils. 6.800,-.

Gåver til pianoet kan ein framleis senda Barnekoret, Ytre Arna Kyrkje, bankgiro 8401.39.32076 eller levera til organist/prest.

## KYRKJEKOR YTRE ARNA

Vi har starta kyrkjekor og vil gjerne ha fleire med oss. Vi har sers god bruk for kvinne-stemmer. Ei viktig oppgave for koret framover vil verta å hjelpe til med å presentere det nye salmebokframlegget. Vel møtt til øving i kyrkja tysdagar kl. 19.00.

SIRI BRUNVOLL  
organist

# Familieside

## DØYPTTE

### Arna Sokn:

29/11: Renate Solheim, Inger Lise Venheim, Ronny Gregory Halland, Hallvar Reksten Husebø.

Eirik Nor Saghaug døypt i Johanneskirken.

2/12: Marie Skjoldal.

6/12: Thomas Lohne Aanes.

13/12: Marit Økland, Jeanette Haugen, Carl Petter Tresselt, Morten Mjørtaug.

20/12: Merethe Stephansen, Raymond Eilertsen.

27/12: Siri Thunestvedt.

1/1-82: Anette Myklebust.

### Ytre Arna sokn:

29/11: Kristine Sagstad, døypt i Arna.

2/12: Erik Trøland og Mona Christensen, døypte i Arna.

25/12: Erik Hansen.

27/12: Janniche Sætrevik, døypt i Arna.

3/1-82: Rune Klungland.

## VIGDE

### Arna sokn:

14/11: Ivar Straume og Sølvi Befring. Vigde i Løddelfjord.

21/11: Tore Lien og Wenche Andersen.

5/12: Ronnie Berg og Marit Kvammen.

5/12: Kjell Harald Endresen og Sølvi Therese Helland.

12/12: Rolf Jarle Vågenes og Belinda Nepstad. Vigde i Hordabø kirke.

29/12: John Grue og Annbjørg Håøy.

## DØDE

### Arna sokn:

21/11: Harald Henriksen f. 1901.

8/12: Alfred Lie f. 1901.

18/12: Ivar Berge f. 1893.

### Ytre Arna sokn:

21/11: Hjalmar Hansen f. 1891.

2/12: Ronny Løvteit f. 1969.

2/12: Kari Vaksdal f. 1891.

25/12: Petra Andrea Mjelde f. 1897.

## Ofringane i kyrkjelydane

### Arna:

22/11: Dei 4 diakoniinstitusjonane

29/11: Norges Kr. Ungdomsforbund (Lysmessa) 1.324,-

6/12: Den Norske Muhammedanermisjon 1.740,-

13/12: Diakoniarb. i kyrkjelyden 952,-

24/12: Kirkens Nødhjelp (Mat til Polen) 16.520,-

25/12: Misjonsselskapet 3.790,-

### Ytre Arna:

29/11: Norges Kr. Student- og Skoleungd.lag 776,-

6/12: Kyrkjelydsarb. 480,-

13/12: Arne Musikkforening

(Julekonsert) 1.764,-

24/12: Kirkens Nødhjelp 4.372,-

25/12: Misjonsselskapet 1.200,-

### Trengereid:

29/11: Israelmisjonen 596,-

24/12: Sundagsskolen 686,-

26/12: Misjonsselskapet 608,-

## TIL BANGLADESH

Misjonærene Kirsten og Ottar Hope m/fam. reiste 2. juledag til Bangladesh der dei skal ta til i si teneste. Som mange veit måtte dei venta lenge før dei fekk visum. No gjekk altså det i orden og vi ynskjer dei Guds signing i arbeidet der.


## Kapellvigsle ved Arna helseheim

Kapellet ved Arna Helseheim har vore i bruk ei tid og har alt vore til mykje glede og velsigning. I samband med bispevisitasen vert det gudsteneste på Helseheimen ved biskop With og domprost Monstad. Det vert då vigsle av kapellet ved biskop With.

## Søndagsskulen i Borgstova

Søndagsskulen i Borgstova har fungert fint i gaust og Ragnhild Helgesen, som har ansvaret for søndagsskulen, seier at det har vore godt frammøte. Søndagsskulen vil halde fram kvar søndag når det ikkje er familiegudsteneste.

## KYRKJELYDSSKULEN



I haust kunne du lesa i kyrkjelydsbladet at vi skulle starta kyrkjelydsskule i Arna prestegjeld. I februar byrjar det første kurset, og det har som tema:

### FRIGJORT – I KRISTUS

Kva vil det seia å vera frigjort i Kristus?

På 4 samvære vil vi ta opp dette spørsmålet særleg med tanke på dåpen, Guds ord og nattverden.

**Førelesarar:** Akademilektor Arve Brunvoll og sokneprest Øyvind Øy.

**Kurskveldar:** 23. februar, 16. mars, 23. mars og 20. april (tysdagar).

**Tid:** Kl. 18.45 - 21.00.

**Stad:** Ådnamarka skule.

**Kursavgift:** 60 kr. (inkl. materiell)

Kurset vert lagt opp med veksling mellom førelesingar og samtale.

**Påmelding** innan 10. februar til Arna kyrkjekontor, 5260 Indre Arna. Tlf. 24 04 00 / 24 02 15.

KLYPP .....  
Påmelding til kurset FRIGJORT – I KRISTUS

Namn: .....

Adr.: .....

Tlf.: .....

frå side 1

oss frå synda si skuld og straff då han vart krossfesta, leid og døyde for oss. Han stod opp att, og er ein levande Frelsar i dag.

Han som sa om seg sjølv: «*Eg er vegen, sanninga og livet*». (Joh. 14.6), han er alt dette i dag og.

Enkelte menneske spør: «Viss det er ein gud til, korleis kan eg koma i kontakt med han?» Jesus seier: «*Eg er VEGEN. — Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg*». Inn i vår tid med forvirring, normløyse og spørsmål om det i det heile finst noko ein kan stola på, seier Jesus: «*Eg er SANNINGA*». I møte med Jesus ser vi sanninga om oss sjølve: at vi er syndarar som treng tilgjeving. Men vi får og sjå sanninga om Jesus: at han er Frelsaren, som vi kan tru på og leva saman med. Han er den som tilgjev og gjev liv, evig liv. Ja, han er sjølv LIVET.

Han har og sagt: «*Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg skal leva om han sa døyrr*». (Joh. 11.25). Ved trua på Jesus får vi ei tilgitt fortid og ei trygg framtid.

Margit Nes

## Frå sokneråda

Dei nye sokneråda har no konstituert seg:

**Arna:**

Marit Gilje formann, Haldor Romslo nestform., Ruth Hesjedal sekr. og Leif Grøteide kasserar.

**Ytre Arna:**

Brynjar Rismyhr formann, Eli Mohn nestform., Nils Kåre Olsen, sekretær og Bjarte Leine kasserar.

## Til lag- og foreiningsleiarar i Arna prestegjeld

I samband med bispevisitasen vil vi samle leiarar i lag og foreiningar til eit leiarmøte for kyrkjelydane. Sokneprest Øy vil innleie til samtale over emnet: «Når vi ut med evangeliet i vår kyrkjelyd?»

Biskop With og domprost Monstad vert med. Det vert kaffi og panelsamtale etter pausen.

Vi har prøvt å gå ut med invitasjon til dei lag vi har oversikt over. Men arbeidet i kyrkjelyden er så omfattande at vi har truleg ikkje fått med alle. Men **alle leiarar** i lag, foreiningar og grupper i kyrkjelyden er velkomne til dette møtet i Arna bedehus fredag 22. januar kl. 19.30.

## Stor ungdomskveld i Arna bedehus

Lørdag 23. januar vert det stor ungdomskveld i Arna bedehus i samband med bispevisitasen. Det vert tale av Kolbein Kolnes og song av Betania Ungdomskor og Arna Ten Sing. Servering.

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

## ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866  
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt  
beste gjennom 115 år.

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP



Aut. bilverksted  
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!


Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



# Velkommen til kyrkje



## 17. januar:

Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste.

Ytre Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Nattverd.

Trengereid kl. 18: Sokneprest Øy. Nattverd.

## 24. januar:

Arna kl. 11: Visitagudsteneste ved Biskop With.

Ytre Arna Barnekor og Arna Kyrkjekor. Offer til Bjørgvin Stiftssenter.

VISITASMØTE. Samvær i Bedehuset etter gudstenesta.

## 31. januar:

Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta.

Arna kl. 19: Ungdomsgudsteneste.

Ytre Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Den indre Sjømannsmisjon.

Unneland kl. 16.30: Sokneprest Øy.

## 7. februar:

Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Bibelselskapet. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta.

Ytre Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Nattverd.

## 14. februar:

Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Offer til Israelmisjonen. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta.

Ytre Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Offer til dei fire diakoni-institusjonane. Barnevakt.

## 21. februar:

Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Borna sin misjonsdag. Offer til Det Norske Misjonsselskap. Arna Guttekantori.

Trengereid kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Institutt for kristen oppseding.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00 og fredag kl. 09.00-10.00, eller etter avtale.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Syivi Sæle, Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 2, 1. februar.